



HELSETJENESTEN
FOR **GEIT**

Årsrapport Friskere geiter 2004



Oppsummering

Samla sett har det vore svært god framdrift i prosjektet. Interesse for å sanera har auka mykje gjennom dei åra Friskere geiter har halde på.

Det ser no ut til at vi har fått ein metode for å påvisa paratuberkulose tidleg, og relativt meir nøyaktig. Det gjer at vi også kan starte i områder med aktiv paratuberkulose. Dei besetningane som har sanert har ikkje fått påvist paratuberkulose.

Byllesjuka er ikkje påvist i dei sanerte besetningane.

CAE har hatt ein betre utvikling enn ein kunne venta. Berre to av besetningane har hatt meir enn fem prosent positive dyr etter sanering. I 21 av besetningane er det ikkje påvist positive dyr i 2004.

Studiar av produksjon og helse viste stor betring i resultat for buskapane i Friskere geiter.

Innleiing

Smittesaneringsprosjektet Friskere geiter har i 2004 halde fram etter dei same retningslinene som vart omtala i rapporten frå 2003.

Det er eit nasjonalt prosjekt, eigd av helsetjenesten for geit (HTG). Målsettingen er å utrydde sjukdommane CAE, byllesjuka og paratuberkulose i norske geitebuskarar. Sjukdommane har stor negativ innverknad på dyrehelse, dyrevelferd og produksjon i flokkane. Prosjektet, Fase 1, starta i 2001 og skal vare i 6 år. Budsjetten er 11 mill. kroner. Staten betalar 7 millionar og TINE resten.

Frå 2005 blir prosjektet utvida med 200 nye buskarar, Fase 2.

Prosjektet er vurdert å ha stor nasjonal verdi, og det er sett av 8 mill. kroner over jordbruksavtalen for 2005.

Deltaking i prosjektet er frivillig. Dei mest interesserte brukarane, og dei som har størst sjans for å få til ei vellukka gjennomføring blir prioritert.

Samarbeidsrådet i HTG fungerer som styringsgruppe.

Prosjektgruppa starta i 2003, med Erlend Winje, Helga Kvamsås, Ingunn Nævdal, samt prosjektleiar Nils Leine og sekretær i Helsetjenesten for geit, Tor Lunder. Erlend Winje gjekk ut av gruppa då han fekk permisjon frå TINE. Hanne Strand har sidan vore TINE Meieriet Nord sin representant.

Prosjektet har gått i tre år. I 2004 er 3 nye buskarar frå Fase 1 ferdige med sanering. Talet ferdig sanerte buskarar er no 21. Ein står att.

Det har i 2004 vore 3 delprosjekt i tillegg til Fase 1: Vestvågøyprosjektet, Aurlandsprosjektet og Forprosjekt til Fase 2. I 2005 vil desse bli slått saman til eitt prosjekt, bortsett frå Vestvågøyprosjektet.

Utviklinga i prosjektet viser også i år at det ikkje er like lett for alle å koma i gang snøgt. Det er difor nødvendig å bruke tid på dette arbeidet.

Det er no 22 buskarar som er med i Fase 1 av prosjektet. Det er i tillegg fleire som har sanert på eiga hand, og mange er klare til å starte ved fyrste kjeing.

Aktivitetar eksternt

Informasjonsmøte: Kåfjord, Salangen, Lakselvbukt, Sortland, Leknes, Beiarn, Kandal, Årdal, Skei(2), Ørsta, Stranda, Aurland, Voss, Steinkjer, Heradsbygd, Øystre Slidre, Vang

Samlinger: Tromsø: Geitedagene, Hamar: Rådgiversamling og politisk møte i januar, Oslo: nettverk geit, Ås: TINE produsentrådgiving, Molde: Mastittlaboratoriet (2), Aurland: BU-kurs, 2 dagar

Veterinære fagdagar, stand

Veterinærinstituttet: 5 møte angående paratuberkulose testing og overvaking

Besetningsbesøk: Kåfjord(1), Sortland(4), Vestvågøy(1), Aurland(4), Stranda(2), Tromsø(1), Vang(3), Suldal(1), Kvam(1), Øystre Slidre(1), Beiarn(3)

Styringsgruppa: 9 februar(telefonmøte), 9. juni(Gardermoen), 17. desember(telefonmøte)

Prosjektgruppa: 6 telefonmøter

Fagforum geit(samt "Avl og helse"): 3 møte i Oslo + 1 telefonmøte

Kurs: Inseminasjonskurs, oppfølging

Saneringsnytt: 4 nummer

Avisartiklar: Sau og geit(4), Norsk Veterinærtidsskrift, Wool and Wattle(USA).

Internett: Diverse sider med informasjon. <http://leine.no/htg/sanering>



Møteaktiviteten har vore stor.
Her fortel prosjektdeltakar Jorunn Hagen til ei lydhøyr
forsamling på Vestvågøy korleis ei sjukdomssanering føregår.


Oversikt over sanering i 2004

Fase 1 er vidareført, og tre nye buskapar er sanert. I tillegg er 14 andre buskapar registrert med friske dyr gjennom forprosjektet. Seks av dei har gjennomført full utskifting av buskapen. Åtte har kartlagt helsestatus, og til saman er det funne berre tre CAE-positive dyr i ein buskap blant desse åtte. Ingen av desse har fått påvist byllesjuka og paratuberkulose er heller ikkje påvist.

Det er altså sanert eller kartlagt sjukdomsfrie bruk, til saman 17 buskapar i 2004. Det er det høgaste talet på eitt år sidan prosjektet starta. Grunnen til det er at ”Friskere geiter” fekk pengar til forprosjektet. Desse pengane skulle gå til kartlegging, og det viste seg å vera svært nyttig. På den måten fekk vi dobbelt så mange dyr med frisk-status som det vi elles ville ha fått. Dette vil ha stor betydning no når fleire går i gang med sanering og treng kjøpe livdyr.

Utvikling i tilslutning til saneringa

År	Bruk	Dyr skifta ut	Friske dyr
1994	1	97	97
1996	1	40	80
2000	1	21	40
2001	1	0	127
2002	11	1130	1322
2003	5	411	509
2004	17	615	1238
Tilsaman	37	2314	3413



Forprosjekt: Prøvetaking og kartlegging er gjennomført. 520 buskapar testa på CAE-antistoff i tankmjølk. 88% av dei er positive (460). Viser til sluttrapport for forprosjektet som er vedlagt. Den ligg også på internett: <http://leine.no/htg/sanering/info/prosjekt/forpros.pdf>

Vestvågøyprosjektet: Det er eiga prosjektgruppe for dette prosjektet. Den ser slik ut:

Hendry Edvarsen, leder

Ole Hammertrø, veterinær

Hans Mørstad, TINE, sekretær

Prosjektbeskrivelse ligg på: <http://leine.no/htg/sanering/info/prosjekt/vestvaag.htm>

Prøvetaking i ein del buskapar på Vestvågøy viser at CAE mykje meir utbreidd enn forventa. Ingen har byllesjuka eller paratuberkulose så langt i kartlegginga. Det vil bli teke fleire prøver og planlegging for sanering er i gang.

Aurlandsprosjektet: To buskapar har sanert ved å slakte dyra og kjøpe inn nye frå ein tidlegare sanert buskap. I tillegg har ein av dei snappa nokre få kje. Det vart løyvd 120 000 kroner frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til dette arbeidet, då det ikkje var sikkert at ”Friskere geiter” ville bli vidareført. To buskapar til sanerer i 2005.

CAE

Analyser av blodprøver for CAE-antistoff Molde 2004

Årsak	antall
Kartlegging blodprøver geit	1681
Kartlegging sau	286
Kontroll enkel sanering	886
Kontroll etter snapping	3514
Kontroll frisk buskap	468
Kontroll sau	6
Kontroll andre buskappar	193
Dobbeltprøver	30
Tankmjølkprøver	655
Bukkeringar	60
Andre prøver	29
Sum	7808

Analyser

Det er gjort over 7800 analyser for CAE-antistoff for prosjektet ved TINE Mastittlaboratoriet i Molde i 2004. 655 av disse er frå tankmjølk. Tankmjølkkanalysane vart starta hausten i 2003 og er vidareført i 2004. Resultata frå tankmjølkprøvene er sendt ut til kvar enkelt buskap. Det er gjort forsøk på å finne ut om dette er ein eigna metode for overvaking av sanerte buskappar. Dette arbeidet pågår framleis. Dersom det lukkast å tilpasse denne metoden slik at den er så sikker at vi kan ta den i bruk i overvakinga, vil det ha store praktiske og økonomiske gevinstar. Forprosjektet gjorde dette arbeidet mogeleg.

Resultat (sjå også tabell og figur)


Vi ser at 21 av buskapane ikkje har fått påvist CAE i 2004.

Sju av buskapane har fått påvist CAE på mindre enn 4 % av dyra som er testa.

Analyse av blodprøver for CAE-antistoff i sanerte buskappar i 2004

Antal dyr testa	negative	Positive
3172	3131	41

To av buskapane har mellom 8 og 13 % påviste dyr. I alle dei buskapane som har frå 0 til oppunder 4% påviste dyr pr år er resultatet betre enn forventa dersom vi samanliknar oss med liknande saneringsmetode i utlandet. Der reknar ein med at rundt 5% påviste i starten



er eit bra resultat. Dei to buskapane som ligg litt høgare i talet på påviste dyr, ligg heller ikkje langt frå dette talet. I den buskapen som har flest dyr påvist er det bestemt at vi skal ta ut prøver hyppigare enn det som elles er vanleg, heilt til situasjonen er normalisert på eit lågare nivå positive dyr. Tankmjølktestane har gitt oss svært verdifull informasjon om CAE-smittestatus i mjølkebuskapane. Det har også spara oss for mykje blodprøvetaking. Resultatet frå tankmjølktestinga var: 520 buskappar vart testa. Av dei var 460 positive på CAE-antistoff, 60 var negative og det gjev 88% positive. Alle buskapane som er med i prosjektet og skulle være negative, var negative.

CAE på sau

Vi har i 2004 testa 286 sauer for CAE. Det er ein liten del av saueflokkane der dei har baa dyreslaga. Sau kan vera berar av CAE-virus, og dermed smitta geiter. Difor er det nødvendig også å sanere CAE på sau. I alle kombinerte buskappar må sauene testast for CAE før ein startar saneringa. Dette arbeidet blir viktigare framover, då det er mange kombinerte bruk som er i ferd med å starte med sanering. Det var stor variasjon i infeksjonsgraden for CAE hjå sauene i dei ulike buskapane.

Byllesjuke

Det vart i 2004 undersøkt 144 dyr serologisk for byllesjuke. Det var det høgaste talet prøver på eitt år i prosjektet så langt. Det blir testa for byllesjuke der sjukdommen ikkje er påvist

klinisk. Dette gjer vi for å vera sikre på at smittestoffet ikkje finst der. Det blir også testa i saueflokken dersom det er ein kombinert buskap med både sau og geit. Vi må intensivere denne testinga då det kjem med fleire kombinerte buskapar etter kvart. Det kan også vera aktuelt å ta prøver i nabobuskarar, sjølv om det er reine sauebruk. Dette gjer det nødvendig med tettare samarbeid med sauenæringa.

år	Gards- bruk	Geite- buskapar	Påvist ved prøvetaking	Negative buskapar	Saue- buskapar	Tal prøver
		påvist klinisk			påvist	
2001	9	9				0
2002	11	1		10		99
2003	6	3	1	2		22
2004	22	2	5	14	3	144

Paratuberkulose

Alle buskapane i "Friskere geiter" blir undersøkt for paratuberkulose ved dyrking av paratuberkulosebakterier frå avføring frå dei 10 eldste geitene. Før 2004 var det ingen buskap i prosjektet som hadde fått påvist paratuberkulose, og i desse buskapane har det ikkje vore oppfylging av snappa kje. I 2004 er det kome med to buskapar der

Mycobacterium avium subsp. paratuberculosis er

påvist hjå ei eller fleire geiter. Desse buskapane treng spesiell oppfylging. Til no har det ikkje vore nokon god test som kan oppdage smitte på tidleg stadium. Dette er i ferd med å endre seg, då det er utvikla ein ny test, IFN- γ , som kan brukast på eit tidleg stadium etter smitte. Andre testar har ikkje vore muleg å nytte før dyret er minst to år, eller det har vore problem med for mange falske positive. Norske undersøkingar har vist at denne testen ikkje gjev mykje falske positive resultat for geit. Denne testen kan brukast når dyret er 3 månader. Ein kan på den måten finne smitta dyr, og slakte dei, før dei er blitt i stand til å smitte andre. Forprosjektet kom inn med såpass store midlar at vi greidde å få finansiert eit prøveopplegg.

Resultat av IFN- γ -test

Veterinærinstituttet har i november 2004 undersøkt 1010 dyr frå 10 buskapar, av desse er:

- 862 negative (85%)ingen geiter som ikkje er vaksinert er sterkt positive
- 64 av dei vaksinerte er sterkt positive
- 9 av ikkje-vaksinerte var svakt positive
- I tillegg er 9 av dei vaksinerte svakt positive
- 59 underkjente (5,8%).
- I tillegg er 7 av de vaksinerte dyra underkjent
- Det må takast 68 nye prøver i januar

Dette var fyrste gong denne testen vart gjennomført i så stor skala. Resultatet tyder på at det kan bli ein svært nyttig test til hjelp ved sanering av paratuberkulose.

Det er testa 105 dyr frå 14 buskapar før saneringa tok til, ved hjelp av bakteriedyrking frå avføring (sjå tabell). I to buskapar er det påvist bakteriar, og desse er bandlagde, då paratuberkulose er ein B-sjukdom.

år	Bruk	Positive dyr	Negative dyr	Påviste bruk
2002	21	0	219	0
2003	1	0	12	0
2004	14	3	102	2
	36	3	333	2

Masteroppgåve

Elisabeth Vårlid la fram ei masteroppgåve om helse og produksjonsresultat i buskapar med og utan CAE. Ho brukte data frå buskapane i Friskere geiter samt data frå andre medlemmer i Geitekontrollen samt egne feltobservasjonar. Ho fann at geitene i Friskere geiter hadde 20% større mjølkeproduksjon enn øvrige buskapar. Det var i tillegg lågare celletal i mjølk og raskare tilvekst på kje hjå buskapane i Friskere geiter.

